

Menighetsbladet

Nr 1 • Vinteren • 2012 • 45. årgang

BORE

KLEPP

ORRE



Lys Vaken



Biblar til Afrika



Ei messe verd



Organ for Klepp Prestegjeld.
Kjem ut 6 gonger i året.

Redaksjonskomité:
Einar Egeland
Anne Håkonsholm
Arvid Hareland
Ingunn D. Aandal - kontaktperson

Forsidebilde: Einar Egeland

Layout: Linda Aanestad
Trykk: Olsson as

Postadresse:
Menighetsbladet
- Postboks 101
- 4358 Kleppe

- Telefon: 51 78 95 55
- e-post:
menighetsbladet@klepp-kirken.no

Bankgiro: 3290.07.02239

Neste nummer kjem ut 28/3

STOFF MÅ LEVERAST INNAN 6/3 !

(Med forbehold om ledig plass)

Surf innom
www.klepp.kirken.no
eller
www.klepp.kyrkja.no

Der vil du finne mykje
nyttig informasjon.
Velkomen!

KLEPP KYRKJELEGE FELLESRÅD

KLEPP KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Kleppvarden 2, 4352 Kleppe
Postadresse: Postboks 101, 4358 Kleppe
Telefon: 51 78 95 55
Telefaks: 51 78 95 50
e-post: kontor@klepp-kirken.no
e-post Menighetsbladet: menighetsbladet@klepp-kirken.no
Heimeside: www.klepp.kyrkja.no

KONTORTIDER

Måndag - torsdag: 08.30 - 14.30
Fredag: 08.30 - 12.30
Elles etter avtale

Frøyland og Orstad kyrkjekontor:

Besøksadresse: Orstadbakken 33, 4355 Kvernaland
Postadresse: Postboks 43, 4356 Kvernaland
Telefon: 52 97 31 50
Heimeside: www.fok.no

Bore kyrkje	51 42 22 52	
Soknerådet, Nikolai Homme	51 42 00 77	900 53 744

Klepp kyrkje	51 42 16 39	
Soknerådet, Svein Olav Nesse	51 42 34 86	920 22 874

Orre kyrkje	51 42 23 46	
Soknerådet, Lars Bjarne Salte		900 41 782

TELEFONLISTE ANSATTE:

Namn	Direktenummer	Privat
Kyrkjeverge, Dagbjørg Straume	51 78 95 60	959 65 273
Sekretær, Ingunn D. Aandal	51 78 95 59	924 19 934
Sekretær, Kari Haavardsholm	51 78 95 55	992 66 752
Sokneprest, Andreas Haarr	51 78 95 51	977 16 339
Sokneprest, Åsmund Steinnes	51 78 95 52	402 01 978
Sokneprest, Sigve Ims	52 97 31 51	475 00 941
Prest, Jarle Minnesjord	51 78 95 54	970 66 145
Prest, Frode Helvig		986 03 405
Kantor, Ola Sotnakk	51 78 95 58	996 28 182
Organist, Ove Byberg	51 78 95 58	926 67 300
Organist, Arne Hadland,	51 48 83 77	
Musikalsk leiar, Hilde Svella	52 97 31 53	482 45 034
Diakon, Henny Lie Sandve	51 78 95 56	473 02 252
Kateket, Karsten Wilhelmsen Degnes	51 78 95 53	450 48 726
Menighetspedagog, Kjersti Olimb Salte	51 78 95 57	478 70 004
Ungdomsprest, Just Salvesen	52 97 31 52	410 04 692
Ungdomsarbeidar, Christine Å. Hansen	51 78 95 62	934 34 923
Ungdomsarbeidar, Siril Schei		934 97 944
Ungdomsarbeidar, Joakim Unhjem "Uen"		478 16 284
Kyrkjetenar, Ketil Arne Terning	51 78 95 61	900 35 471
Kyrkjetenar Bore, Kristoffer Byberg		980 18 061
Kyrkjetenar Orre, Marit Hetland		900 66 798
Klokkar Bore, Terje Idsø		51 42 18 09
Klokkar Orre, Bjørn Borgen		51 42 86 94

Dagleg leiar Frøyland og Orstad, Astrid Berntsen	52 97 31 50
---	-------------

Kantorens hjørne



«Det er viktig å ikkje gløyme kor ein kjem ifrå», heiter det. Det hev eg ikkje tenkt å gjere. Eg kjem i frå Kleive i Molde kommune; eg er romsdaling. Likevel trivst eg godt i Klepp, og kjenner meg heime her – ungane mine er jo fødd her, og er dermed ekte Kleppsbuar. Men min identitet er likevel forma av kor eg sjølv kjem ifrå, og det vil eg ikkje gje slepp på. Difor held eg au på dialekten, og prøvar å ikkje gløyme av ord og uttrykk som er typiske for mitt morsmål. Då fær det vere «vannari» om ikkje alle skjønar kva eg seier heile tida; eg omset med glede!

Det kan au vere andre kriterium som gjeld – identiteten kan jo like gjerne vere forma av personar, haldningar og verdiar, eller av interesser og fritidsaktivitetar. Eg er kantor, men identifiserer meg sjølv kanskje meir som spelmann – det høyrer seg ut, og eg synest det seier noko om mitt forhold til musikken og det å spele.

I kyrkja står me no overfor ein reform av gudstenesta. Der blir kvar enkelt kyrkjelyd oppmoda om å legge eigne rammer for korleis ein ønskjer å feire gudsteneste. Ein skal mellom anna lage ein ny liturgi, gjerne med ny musikk, nye bønner osv., og dette skal avspegle identiteten til den einskilde kyrkjelyden. Det er ei stor utfordring å finne eit balansepunkt mellom ønsket å fornye samstundes som ein ønskjer å halde på tradisjonane, å ville inkludere nye samstundes som ein ikkje vil framandgjere dei faste kyrkjegjengarane, og å streve etter å fjerne generasjonskløfta.

I denne prosessen trur eg det er viktig at dei einskilde kyrkjelydane prøvar å kjenne etter kva som er deira identitet slik at ein ikkje risikerer at ein oppkonstruerer ein ny, men falsk, identitet. Kven er så Klepp kyrkjelyd? Kva er Klepp sin dialekt? Kven ønskjer Klepp å vere framover?

Eg tiltredde stillinga som kantor i oktober 2011, så eg er enno nokså fersk i jobben. Likevel synest eg at eg byrjar å bli kjent med folk. Eg hev vorte godt motteken, og at det alltid er ein lun atmosfære som pregar Klepp kyrkjelyd. Då er det kjekt å gå på jobb. Det er dessutan mykje som skjer på mange frontar, og det er inspirerende å sjå og å vere med på. Så når folk spør meg om kven eg er, og dermed ønskjer å få vite litt om min identitet, kan eg med glede fortel at eg er kantor i Klepp kyrkjelyd!

Ola Sotnakk

Ønskjer du nokon å snakka med?

Du er velkomen til å ta kontakt med prest, kateket og diakon for samtale.

Diakon Henny Lie Sandve
tlf. 51 78 95 56

Sokneprest Andreas Haarr (Klepp)
tlf. 51 78 95 51

Sokneprest Åsmund Steinnes (Bore)
tlf. 51 78 95 52

Kateket Karsten Degnes
tlf. 51 78 95 53

Prest Jarle Minnesjord (Orre)
tlf. 51 78 95 54

Prest Frode Helvig (Klepp Stasjon)
tlf. 986 03 405

Sammen for ei rettferdig verd



25. – 27. mars

KIRKENS NØDHJELPS FASTEAKSJON 2012

Tirsdag 27. mars kommer ungdommer fra menighetene våre rundt og samler inn penger til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2012 setter fokus på økonomisk rettferdighet i Guatemala og Tanzania. Aksjonen arrangeres 25.- 27.mars. Mange ungdommer er veldig opptatt av urettferdighet og ønsker å forandre dagens verdenssituasjon.

27. mars skal vi i allefall gjøre litt! Ved å samle inn penger, gir vi de som jobber i de mest urettferdige områdene mulighet til å gjøre en forskjell. De har fokus på kvinner, microlån, budsjettrening og hvordan bekjempe urettferdige skatteregler.

BLI MED Å STØTT VÅRE BØSSEBÆRERE NÅR DE KOMMER PÅ DIN DØR TIRSDAG 27. MARS. GI SÅ DET SVIR!



Støtt Kirkens Nødhjelps fasteaksjon

SMS <KN200> til 2090 (200 kr) Givartelefon 820 44 088 (200 kr)

Kontonummer 1594.22.87493

Sjå filmen om Kirkens Nødhjelps arbeid for ei rettferdig verd her



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Biblar til Afrika

Bibelen kan endre Afrika! I dag ser vi at den sørlege delen av Afrika blir dominert av dei kristne kyrkjene, og store delar av folket vedkjenner seg kristen tru. I den sentrale og nordlege delen av kontinentet er situasjonen annleis.

Mange statar har ein stor muslimsk folkesetnad og mange praktiserer framleis gamle religionar. I 2012 vil Bibelselskapet rette merksemda mot Etiopia, Afrikas mest folkerike stat, eit stort land med ei av dei eldste kyrkjene i verda. I motsetnad til resten av Afrika har Etiopia aldri vore ein koloni under europeiske statar. Men det er eit av dei fattigaste landa i verda med ein stor folkesetnad på landsbygda med låg utdanning.

Det er stor interesse for Bibelen i Etiopia. Men landet har mange folkeslag som talar ulike språk. Det er ei stor utfordring å skaffe biblar til alle. Omsetjing til mange av dei lokale språka er viktigast. Talet på biblar som blir spreidd aukar stadig, men det er vanskeleg å skaffe nok biblar til ein rimeleg pris slik at også den fattige delen av folket kan få sin eigen bibel.

Bibelselskapet har utvikla eit program for å avgrense utviklinga av HIV/AIDS. Det er svært suksessrikt i Etiopia. Ved hjelp av bibeltekstar – og særleg likninga om den miskunnsame samaritanen blir det opna rom for samtalar om korleis ein skal leve for å unngå smitte, og korleis ein skal ta vare på dei som allereie er råka.

Varda har vore vitne til enno ei sultkatastrofe på Afrikas horn. I ei slik tid er det mange munnar å mette, kroppar som treng varme og sjeler som treng næring og von. Kyrkjene i Etiopia er aktivt involvert i naudhjelpsarbeidet som blir utført.

Bibelselskapet i Etiopia hjelper kyrkjene med å gi budskapen om von gjennom å sørge for Det nye testamentet på lokale språk til dei som ønskjer det, både i papirform og på kassettar. Særleg i flyktingleirar med mange eritrearar er det stor etterspurnad etter biblar.

Midla som blir samla inn på Bibeldagen vil mellom anna gå til:

- Omsetjing til seks lokale språk
- Biblar til skuleungdom og studentar
- Utvikling og distribusjon av lydbøker for dei som enno ikkje kan lese
- Avgrense utviklinga av HIV/AIDS



Ei 17-år gamal jente formidlar Guds Ord til borna på ein barneheim i den etiopiske hovudstaden Addis Ababa.

*Fotograf: Clare Kendall,
Det britiske bibelselskap*



Bibelselskapet i Etiopia driv opplysningsarbeid om HIV/AIDS for å førebyggje spreiding av sjukdomen. Skiltet på døra er inspirert av tradisjonell etiopisk ikonografi.

*Fotograf: Bernard Coyault,
Det franske bibelselskap*



*Born i gatene utanfor rådgjevingssenteret for HIV/AIDS i Dechatu, Dire Dawā, Etiopia.
Fotograf: Francois Sieberhagen,
De Forente Bibelselskaper*

Kvart år blir det lagt uut informasjon og bilete frå bibeldagsprosjektet på **www.bibel.no/bibeldagen**

Bibelbaserte traktatar til utdeling kan tingast frå Bibelselskapets nettbokhandel: **www.bibel.no/traktater** eller på e-post: **bibelmisjon@bibel.no**

Lys Våken



Siste helga i november var det samla til sammen 54 unger til Lys Våken-arrangement i Klepp og Bore kirke. Det var full fest og masse glade og forventningsfulle unger. De lærte sanger, lagde lys, spiste god nyttårsmiddag og lært mye spennende om kirka si. På søndagen tok vi i mot foreldre og søsken og hele menigheten og gav dem en gudstjeneste de sent vil glemme.

Tusen takk til ledere og deltakere for et supert døgn!

Siste helga i november 2012 arrangerer vi igjen Lys Våken, for de som går i 5.klasse da.



EI MESSE VERD!

Uttrykket hørde eg av og til før når nokon meinte at strevet dei hadde hatt med å utføra eit vanskeleg arbeid var vel verd. Julemessa på Kleppe for NMS var også i år «ei messe verd»! Det er ikkje berre blitt ein tradisjon med julemesse, det er nær på eit «must» for å føla at no er julehøgtida like om hjørna. For NMS, og for mange misjonsorganisasjonar, er julemessene verkeleg eit «must», dersom budsjetta skal gå i balanse og det skal kunna sendast ut midlar til arbeidet på felta. Resultatet av julemessa i år (2011) blei kr 225.000,- - det kan bli til mange kapell-tak, behandlingar ved helseklinikkar eller liknande.

Eg nemnde at julemessen er med og skaper forventning til jul. Truleg er det lite julestemning å kjenna når messekomiteen har sitt første evaluerings- og planleggingsmøte på vårparten før neste julemesse. Det er ein trufast flokk som veit at ingen ting gjer seg sjølv. Det skal langsiktig planlegging til for å kunna gjennomføra ei vellykka julemesse år etter år. Desse trufaste og kreative personane er verd stor takk og vyrdnad for det arbeidet som dei utfører. I tillegg kjem alle dei som gir varer og gevinstar, grønsaker, frukt, kaker og strikkevare, ve,- ja, heile spekteret av kva ein finn til sals eller utloddning. Det er eit stort og viktig arbeid for Guds rike, som blir gjort av mange i det stille gjennom heile året. Eg vil uttrykkja stor takk til desse som på ulik måte legg grunnlaget for og gjennomfører desse årlege julemessene som betyr mykje for lokalmiljøet og er viktig for NMS sin økonomi.

Jan Sigmund Sandsmark



Zlata Lazareva fra Helleland



*Reidun Grude,
trufast medar-
beider*



*Sang av
Frimann*

Sorggruppe – ei støtte i sorga!

Tekst: Anne Håkonsholm

- I sorggruppa fekk eg bekrefta at eg var normal. Mange sørgande trur at det er berre dei som har det slik dei har det. Alt er normalt i ein sorgprosess. Sorg er ein naturleg reaksjon på tap.

Det er Ann Elisebeth Selvig som seier dette. Ho vart enke i 1993, berre førtifire år gammal. Mannen hennar døydde eit års tid etter ein kreftoperasjon. Ann Elisebeth sat att med si eiga sorg samtidig som ho var mor til to sørgande barn på 21 og 23 år. Korleis skulle ho finne ein veg vidare? Ei viktig hjelp for Ann Elisebeth var sorggruppa.

- Eg kom med i sorggruppe etter eit besøk av diakonen i Sola der eg bur. Då hadde det gått tre månader sidan mannen min døydde. Det er viktig at det har gått litt tid frå dødsfallet til ein startar i ei sorggruppe. Første tida opplever mange at ting går greit. Mykje skjer og mange kjenner seg omslutta av omsorg. Så vert det gjerne stille og ein tek til å reflektere. Ein innser at ein er åleine. Mange kjenner då på at ein må halde tankar og følelsar for seg sjølv fordi ein er redd for å bruke opp menneska rundt seg. Sorga kjem når ein har komt seg til hektene igjen, det er då ein kjenner saknet. Då er det godt å kome i lag med andre som er i liknande situasjon. Sorg er individuell og sorgreaksjonar ulike, men ein del kan gjenkjennast. Mange sørgande kjenner seg igjen i beskrivinga av at ein opplever å vere som i ei glasklokke. Ein er synleg for andre, men har eit vakum rundt seg som hindrar at ein når kvarandre.

Kan snakke om alt

I sorggruppa opplevde eg meg trygg til å fortelle korleis eg hadde det på det verste. Eg kunne heile tida bestemme sjølv kva eg ville dele og fekk støtte til å ta den tida sorga treng. Flukt eller hastverk fungerer ikkje, då vert ein innhenta seinare i livet. Ein må gå inn i smerten for å kome vidare. Saman med dei andre i sorggruppa kunne eg snakke om alt som opptok meg rundt sorga og det var plass til både tårer og latter. Det handla ikkje berre om følelsar, men også om praktiske problemstillingar, alt frå økonomi og NAV til vennekrets og seksualliv. Sorg er ikkje berre den følesesmessige sida. Det praktiske livet forhold seg annleis når ein vert åleine.

Eg har erfart og sett nytteverdien

Mi erfaring er at det gjer godt å kome saman med

likesinna og snakke.

Nytteverdien eg sjølv har hatt motiverte meg til etter kvart å vere med som gruppeleiar for andre sørgande.

Med min bakgrunn vert eg eit levande bevis for andre sørgande på at det er mulig å kome vidare. Å vere vitne til at andre har nytte av å vere med i sorggrupper, motiverer for å vere med å vidareutvikle

arbeidet med sorggrupper. Sjølv er eg ingen aktiv kyrkjegjengar, men eg er imponert over sorgarbeidet kyrkja tilrettelegg. Opplegget er ope for alle og er på fritt grunnlag. Det har ingen teologisk eller forkynnande profil. Alle får kome med sitt.



Sorggruppene legg vinn på å samle mennesker med like tap. Det er fint med blanding av begge kjønn, men det er ein fordel at gruppelemmane er i same aldersgruppe på grunn av at ein då har mange like referanser å forhalde seg til. Sjølv var eg med i gruppe for tap av ektefelle, men eg har vore gruppeleiar for andre tapskategoriar.

Gruppene er interkommunale og strekk seg over heile Jæren, Sandnes og Stavangerområdet. Mange set pris på anonymiteten ein kan oppnå på denne måten. Nokre sorggrupper held fram med samlingar utover det som kyrkja tilbyr. Dette talar for seg sjølv om nytteverdien. Eg har fått venninner gjennom sorggruppa. Vi er mange som har erfart at den intense smerten gir seg. Smerten avtar, men saknet må vi lære å leve med. Sorg tek tid! Det handlar om å finne ein veg vidare og sjå at livet fortsatt har noko å by på.

Ønsker du meir informasjon om sorggrupper, eller ønsker du å vere med i ei slik gruppe, så ta kontakt med diakonen i Klepp, Henny Lie Sandve, Klepp kyrkjekontor.

SORG

- er en naturlig og sunn reaksjon på tap
- kan gi uvante og sterke reaksjoner
- tar ofte lenger tid enn du selv og omgivelsene tror
- kan tappe deg for krefter
- kan gi søvnproblem, konsentrasjonsvansker og hukommelsesproblem
- kan uttrykkes svært forskjellig:
- Noen gråter mye, andre lite
- Noen blir sintere og/eller reddere enn ellers
- Noen blir veldig aktive, andre vil helst bare sove
- Noen snakker om tapet til alle, andre vil helst være alene og slippe å snakke
- Noen mister matlysten, andre spiser mer enn ellers
- Noen kjenner lettelse
- Noen kan oppleve skyldfølelse og nedtrykthet
- Noen kjenner på stor ensomhet

Støttegrupper for mennesker i sorg

Dette er grupper hvor den enkelte kan dele tanker og følelser omkring egen sorg - og samtidig lytte til andres erfaringer. Hver enkelt bestemmer selv hva og hvor mye han eller hun vil dele. I gruppen forventer vi at alle viser respekt og varsomhet for hverandres sårbare livssituasjon.

Gruppene organiseres av diakonene i Stavanger bispedømme.

- Gruppene har to ledere som har kunnskap om og erfaring med sorg.
- Gruppene er åpne for alle uansett livssyn og kirketilhørighet
- En gruppe består av 6-8 personer og møtes 8-10 ganger
- Gruppene settes sammen av deltagere som er i noenlunde samme livssituasjon
- Gruppene møtes på fast sted
- Nye grupper startes opp når det har meldt seg 6-8 deltagere
- Alle som deltar har taushetsplikt
- Tilbudet er gratis

Mot et nytt liv



Åpen temakveld i
Klepp kirke
Tirsdag 28. februar
kl. 19.30

Musikkinnslag

Sykehusprest
Leni Mæland
'Hvordan sorg og
tap forandrer oss'

Orientering om
sorgstøttegrupper

Enkel servering

Gratis adgang

Diakonene i Den norske kirke i Sandnes, Jæren og Egersund

Ingen snarveier

der gis
ingen
snarveier
gjennom
sorgen

vi må gå
hele veien
for å
komme
ut
i lyset

Kilde: "Farger i sorgen" av Tove Houck



frå sidelinja:

Hein Steinskog

Det uventa

Den engelske forfattaren Chesterton skriv ein plass: «Den einaste grunnen til å lytta til ein mann sine ord, er at ein venter han vil sei noko som ein ikkje venter.» Setninga er ei utfordring til alle talarar, anten det er i kyrkja, på bedehuset eller det er som politiskar.

Eg prøvde meg ein gong på å ta denne utfordringa. Eg heldt bibeltime over eit av Paulus sine brev, og tok fram nokre av dei nye forskingsresultata om dette brevet og om Paulus. I pausen sa ein omlag slik: «Me vil ikkje høyra det nye; me vil høyra det gamle.» Filteret hans var slik at det nye blei stengt ute. Likevel meiner eg nok at ny kunnskap og om bibeltekstar og personar i Bibelen, skal takast fram.

Dette vert skreve i romjula, og eg veit at det har vore preika over juleevangelia i Lukas 2 og Johannes 1. Kan det til dømes seiast noko nytt om forteljinga i Lukas 2 – for den er jo så velkjend at dei fleste kan den?

Lukas tek til å sjå med auga til ein historikar: «I dei dagane let keisar ...» Setningane er omstendelege og litt lange, men jo meir han nærmar seg underet desto kortare blir setningane hans: «og ho fekk son sin; ho sveipte han...» – omlag som eit barn som spring heim og andpusten fortel om noko som har hendt, og begynn alle setningane med «OG» , slik fortel og Lukas for at det ikkje skal vera nokon tvil tilbake: SLIK VAR DET.

Var det slik? Det fans ingen dokument eller augevitne til fødselen som Lukas ein 70-80 år etterpå kunne støtta seg til når han skriv sitt evangelium. Men Lukas si målsetting er ikkje ein objektiv beretning, men å stadfesta ei uventa og uhøyrdd hending: Gud kom inn i verda då han kom til verda som baby. Og han kom ikkje i eit palass, men i ei krybbe, i ein stall, under fattigslege omstende. Den er eit radikalt historiebrøt; slikt hender ikkje, seier historikarane. Jo, seier Lukas, og det er ein ny begynnning ovanfrå. Difor er jomfrufødselen viktig for evangelistane og dei truande: Dei verdslege kongehusa si slektsrekke er brote ein gong for alle. Ingen stammehøvding eller konge har vore med, men Gud som i eit lyn... Lukas bruker oppbygginga av kapitlet til å seie litt meir i det høve. Sjå vers 1 og vers 21: Augustus og Jesus. Med sin måte å skriva på seier Lukas: Det er Jesus som er nr. 1, Augustus er det ikkje.

Markus fortel ingenting om Jesu fødsel. Johannes har berre eit vers: «Og ordet vart menneske, og tok bustad mellom oss.» Lukas og Matteus smykker hovedunderet med fleire sideunder: Englehæren, stjerna over Betlehem, dei vise frå Austerland, den vellukka flukta frå barnemordaren Herodes.



Seinare forfattarar fylgjer opp. I dei såkalla apokryfane som vi ikkje har i vår Bibel, finn me andre element: Grotten eller hola som fødestad; okse og esel i stallen osv. Det var ikkje fri fantasi, men viktige tillegg. Dei viser til dei profetiske skriftene i GT og vil sei: Her hende noe uventa og uhøyrdd nytt, men det var sagt på førehand. Gud hadde ein plan frå gammalt av.

Og julehistoria fortel ein løyndom som og er ei gledeleg sanning. Midt i Lukas 2 står gleden over Jesu fødsel, og slik og andre fødselar gjer, så gjev og denne ein lovnad, at noko nytt tek til for alt som heiter menneske. Julia er festen for håp. Jesu fødsel er håp for kvart eit menneske. Så kan me sei at jula ikkje berre varar heilt til påske, men lenger enn påsken. Og Jesu fødsel bevitner mykje meir og det syng englane om:

«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske som Gud har hugnad i» (Luk. 2,14)

Utviding av Bore kyrkje

Kyrkja i Bore er for lita, me merkar det godt både på gudstenester og ved større gravferder. I gjennomsnitt er det nå nesten 150 som deltek på gudstenestene og kyrkja har ikkje god sitteplass til meir enn dette. I desember 2010 innvilga Klepp kommunestyre, einstemmig kr. 1 mill kr slik at me kunne få gjort prosjektering og utarbeide detaljerte teikningar og planar. Det har vore stor prosjektaktivitet i 2011 og stort engasjement både frå frivillige i Bore og hjå dei innleidde konsulentane. Dette arbeidet er nå ferdig.

Den 19. desember 2011 innvilga Klepp kommunestyre einstemmig resten av investeringsmidlane på budsjettet for 2012. Dette betyr at utvidinga nå kan verta gjennomført. Me er svært takksame til politikerane i Klepp for den velviljen dei har synt.

Riksantikvaren er positiv til den planlagde utvidinga og dei endelege teikningane er nå til godkjenning. Arbeidet med utvidinga er lyst ut på anbod i januar og planlagt byggstart vil vere ca 1. august 2012. Frå same tidspunktet vert kyrkja stengd for all bruk og vil vera det fram til tidleg i 2013. I byggeperioden vil dei ordinære gudstenestene verta på Bore bedehus. Til gravferder og vigslar vil ein nytte dei andre kyrkjene i Klepp.

Som teikninga viser vil kyrkja verta forlenga i retning mot vegen. Galleriet og orgelet vert ikkje flytta, noko som inneber at dei ca. 50 nye sitjeplassane vert under galleriet. Men galleriet kjem ikkje til å gå heilt ut til veggen slik som i dag. Dette inneber at ein får mykje lys inn frå dei nye store vindua (eit på kvar side) som kjem i den tilbygde delen. I dag er det dårleg brannsikring i kyrkja men det vert nå sprinklaranlegg i heile kyrkja.

Nicolai Homme



Gudstenester

KLEPP KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00 der anna ikkje er oppført)

05.02. Lovsangsgudsteneste. Dåp og nattverd. Band og forsangarar. Andreas Haarr. Sprell levande søndagsskule. Offer til Bibelselskapet.

12.02. Familiegudsteneste. Dåp. 4-årsbibel. Andreas Haarr. Offer til menighetsarbeidet.

19.02. Gudsteneste med nattverd. Andreas Haarr. Sprell elevande søndagsskule. Offer til Familie og medier.

26.02. Gudsteneste med dåp. Jarle Minnesjord. Sprell levande søndagsskule. Offer til menighetsarbeidet.

04.03. Lovsangsgudsteneste med dåp og nattverd. Band og forsangarar. Andreas Haarr. Sprell levande søndagsskule. Offer til menighetsarbeidet.

11.03. Familiegudsteneste med dåp. Andreas Haarr. Offer til misjonsprosjekt.

18.03. Gudsteneste med nattverd. Jarle Minnesjord. Sprell levande søndagsskule. Offer til Bildøy bibelskule.

25.03. Gudsteneste med dåp. Avslutning dåpsskulen. Sprell levande søndagsskule. Offer til menighetsarbeidet.

01.04. Lovsangsgudsteneste med dåp og nattverd. Band og forsangarar. Andreas Haarr. Sprell levande søndagsskule. Offer til Grimstad bibelskule.

**Fastesamlingar i Klepp kyrkje,
Onsdagar, kl.1900.**

**22. febr, 29. febr, 7. mars,
14. mars, 21. mars, 28. mars**

BORE KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00 der anna ikkje er oppført)

05.02. Gudsteneste med nattverd. Åsmund Steinnes. Offer: Presteskule og bibelskular i Kamerun. Sundagsskule

12.02. Ikkje gudsteneste. Kulturkvelds kl 19.00. Sjå eiga annonse.

19.02. G2 Dåp. Orkester og forsangarar. Vikar. Offer til menighetsarbeidet. Sundagsskule.

26.02. Familiegudsteneste. Avslutning for dåpsskulen. Kjersti Salte, Åsmund Steinnes og ressursgruppa. Offer: Mercy Ships Norge

04.03. Gudsteneste med nattverd. Åsmund Steinnes. Offer til menighetsarbeidet. Sundagsskule.

11.03. Ikkje gudsteneste. Kulturkvelds kl 19.00. Sjå eiga annonse.

18.03. Gudsteneste med nattverd. Andreas Haarr. Offer til Normisjon. Sundagsskule.

25.03. Familiegudsteneste. Speidarane deltek. Åsmund Steinnes og ressursgruppe. Offer til KFUK/ KFUM Bore-Speidarane.

01.04. G2 Palmesundag. Dåp. Tema. Åsmund Steinnes. Orkester og forsangarar. Offer til menighetsarbeidet. Sundagsskule.

ORRE KYRKJE

(Alle gudstenester startar kl. 11.00 der anna ikkje er oppført)

05.02. Såmannssøndag. Familiegudstjeneste. Dåp. Barnekoret synger. Offer: Menighetssalen i Orre.

19.02. S.f.faste. Gudstjeneste med nattverd. Offer: Sjømannsmisjon

04.03. 2.s.i faste. Gudstjeneste. Dåp. Offer: Menighetsarbeidet.

18.03. 4. s.i faste. Gudstjeneste. Nattverd. Offer: Kirkens Familievern.

01.04. Palmesøndag. Familiegudstjeneste. Dåp. Barnekoret synger. Offer: Menighetssalen i Orre.



Kirkeskyss

Klepp Kyrkje:
Ring Pauline Braut
tlf. 51 42 52 03

Orre Kyrkje:
Ring Astrid Voll
tlf. 51 42 87 49

Frøyland og Orstad Kyrkjelyd:
Ring kontoret:
tlf. 52 97 31 50

Tekstane

Søndag 5. februar 2012

Såmannssøndag

Jer 20,7-9 Rom 10,13-17 Mark 4,26-34
Luk 8,4-15

Søndag 12. februar 2012

Kristi forklarelsesdag

2 Mos 3,1-6 2 Pet 1,16-18 Mark 9,2-13
Matt 17,1-8

Søndag 19. februar 2012

Fastelavnssøndag

Jes 53,1-5 1 Kor 1,18-25 Joh 12,20-33
Markus 8,27-38

Onsdag 22. februar 2012

Askeonsdag

Jona 3,3-10 2 Pet 1,5-11 Matt 12,38-42
1 Mos 27,1-29

Søndag 26. februar 2012

1. søndag i fastetiden

1 Mos 4,1-7 1 Kor 10,10-13 Matt 16,21-23
1 Mos 37,1-36

Søndag 4. mars 2012

2. søndag i fastetiden

1 Mos 3,8-15 Rom 5,17-19 Luk 7,36-50
1 Mos 39,1-23

Søndag 11. mars 2012

3. søndag i fastetiden

Job 2,1-10 Ef 6,10-18 Mark 9,17-29
1 Mos 45,1-15;50,14-21

Søndag 18. mars 2012

4. søndag i fastetiden

4 Mos 21,4-9 2 Kor 5,18-21
Joh 3,11-16 2 Mos 12,1-28

Søndag 25. mars 2012

Maria budskapsdag

Jer 33,14-17 Ef 1,3-6 Luk 1,46-55
Luk 1,26-38

Søndag 1. april 2012

Palmesøndag

Jes 56,6-8 Rom 3,21-26
Matt 26,6-13 Matt 21,1-17



Orre kyrkje



Bore kyrkje



Klepp kyrkje

FRØYLAND OG ORSTAD

KLEPP STASJON

(Alle gudstenester startar 10.30
der anna ikkje er oppført)

05.02. Gudsteneste med fokus
på grupper, Sigve Ims og Asbjørn
Finnbakk.

26.02. 1930 Kveldsgudstjeneste/Salig
Aften, Vi synger bedehussanger.

04.03. Gudsteneste, dåp, Sigve Ims.

18.03. Gudstjeneste med nattverd.
Sigve Ims og Morten Sandland.

25.03. Gudsteneste med dåp,
Sigve Ims.

Gudstjenester Klepp stasjon Kyrkjelyd
Engelsvoll skule kl.11.00
Kraftgjengen, bornas gudsteneste

Vårens tema: "Nå skaper jeg noe
nytt. Det spirer allerede fram. Merker
dere det ikke?" Jes 43,19. Mulighet for
forbønn etter gudstjenesten

05.02 Gudsteneste.
Tema; Misjon, menighetens
førsteprioritet! Steve Bruns.
Dåp, Nattverd.

10.02. Gudsteneste.
Tema; "Vi vil se Jesus."
Sølve Salte.

04.03 Gudsteneste.
Tema; "Frifunnet" Frode Helvig.
Nattverd.

18.03. Gudsteneste.
Tema;" Evig liv, hva er det?"
Frode Helvig.
Årsmøte etter gudstjenesten.

01.04. Gudsteneste.
Tema: "Takknemlighet." Nattverd.



Frøyland og Orstad kyrkje



Orre gamle kyrkje



Klepp stasjon kyrkjelyd



Dette er jeg opptatt av

Lars Ole Sikkeland

HVEM VIL HA EN FORBRYTER TIL VENN?

Som dommerfullmektig i Stavanger tingrett møter jeg stadig ulike mennesker og menneskeskjebner. Noen har lyktes i livet og andre har det ikke. Særlig i straffesakene møter jeg mange som ikke har fått det helt til.

Ordinære straffesaker fungerer slik at dommeren før saken begynner kun får se en kort beskrivelse av de straffbare handlingene som politiet mener den tiltalte har begått (tiltalebeslutningen). Dette kan imidlertid være nok til å gjøre et alvorlig inntrykk. Ikke sjelden hender det at jeg etter å ha lest tiltalen sitter igjen med en følelse av at "slike forbrytere må straffes hardt". Dette gjelder særlig i saker som involverer vold og hvor handlingene fremstår som fullstendig meningsløse. Etter å ha møtt tiltalte i retten blir imidlertid bildet av tiltalte ofte langt mer nyansert. Alle tiltalte har sin historie. Altfor ofte gikk det galt allerede veldig tidlig. Som for eksempel den lille gutten som manglet et kjærlig hjem. Skolen ble ingen redning – der fikk han kun kjeft for dårlig oppførsel (om han i det hele tatt dukket opp). Han fant ingen venner før han fikk dårlige venner. Det ene tok det andre og det hele endte med fengsel. Det gjorde mulighetene for å få seg et vanlig liv ytterligere redusert ved at han ble stemplet "forbryter". Hvem vil vel ansette en "forbryter"? Eller enda viktigere: hvem vil ha en "forbryter" til venn?

Erfaringen fra slike saker minner meg om to ting som vi alle gjør lurt i å ha et bevisst forhold til. For det første har vi alle det samme utgangspunktet. Etter å ha hørt

tiltaltes historie i retten slår det meg rett som det er at han ikke er grunnleggende annerledes enn meg selv. Selv den verste forbryter var engang et barn som "smilte mot lampen når den ble tent [og] grep mot lyset med ørsmå, ivrige never" (Arnulf Øverland, Ved en forbryters grav). Det som skiller oss er stort sett en rekke av selvforsterkende tilfældigheter. Det hele startet med hjemmet vi vokste opp i og fortsatte med vennene vi (ikke) fikk.

